

Bjarte Skipevåg  
Preståsen 69  
4230 Sand

dok. 19

Sand 29/8-94

Herredsdommar Grethe Rønneberg Hidle  
Sorenskrivaren i Ryfylke  
Postboks 249  
4001 Stavanger

Vedlagt følgjer min sakkyngighetsrapport for skjønnet vedr.  
Vormedalsheia landskapsvernområde (sak nr. 381 - 92B), med vedlegg.

Dersom skjønnsretten skal på synfaring i marka vil eg tillata meg å  
seia at det er 3 område som er sentrale: 1. Skogområdet nord for  
Fundingslandsvatnet og skogområdet rundt Kaldavatnet (1 dag),  
2. Ottestøl-Bjødnabu-Øyastøl-Ritlands-områda (1 dag) og 3. Trodla-  
Tysdal (1/2 dag, med båt frå Årdal).

For Einar K. Time er det berre naudsnyt å vera med på pkt. 2, han er  
difor interessert i at det tidleg under skjønnet vert fastsett ein  
plan for synfaringar.

Med helsing

(Bjarte Skij)

Bjarte Skipevåg

Bjarte Skipevåg:

## RAPPORT FRÅ SAKKYNDIG VEDR. VORMEDALSHEIA LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Sak nr. 381-92 B, RYFYLKE SKJØNNSRETT

### Innhald:

Innleining.....	side 1
Vernereglane.....	1
Vernskoggrensa i Hjelmeland.....	2
Kartgrunnlag.....	3
Generelt om skogbruksfaglege vurderingar.....	3
Oversikt over eigarar/eigedommar med sidetilvising..	5

### INNLEIING

I brev av 16.mai vart eg av Sorenskrivaren i Ryfylke oppnemnd som sakkyndig i saka vedr. Vormedalsheia landskapsvernområde.

Mandatet for oppdraget vart gitt i same brev: "Saken gjelder et område i Vormedalsheia på 120 km<sup>2</sup> som skal legges ut som landskapsvernområde. 39 grunneiere hevder å bli berørt av vedtaket, særlig i form av manglende eller vanskelig gjort utnyttelse av skogressursene. Deres mandat blir å kartlegge vernereglenes innvirkning på de enkelte eiendommene. Saksøker har utdypet dette slik: "...det er hovedsakelig spørsmål om erstatning for manglende/vanskelig gjort utnyttelse av skogressursene.....For det første vil en måtte kartlegge konkret på den enkelte eiendom vernereglenes konkrete betydning for den tradisjonelle drift av eiendommen og vurdere dette opp mot eiendommens totale ressurser. I skogsammenheng vil en eksempelvis måtte registrere det kvantum skogvirke som står i verneområdet og vurdere hvordan utnyttelsen av dette blir begrenset av vernereglene. Videre vil en måtte vurdere dette opp mot eventuelle skogsarealer som ligger utenfor verneområdet og som også tilhører eiendommen."

Retten gav sakkyndig høve til å nytta tidl. fylkeslandbrukssjef Einar K. Time dersom han fann det påkrevd med sakkyndighet innan jordbruksrelaterte verknader av verneplanen. Dette er gjort, og Time avgir eigen rapport vedrørande dyrkingsinteresser på bruka under Heland og Kleivaland.

Sakkyndig har vore i marka på synfaring og gjort registreringar til saman 8 dagar i juni/juli i år, dels saman med grunneigarane eller representant for fleire. Forøvrig har ein hatt kontakt med dei fleste saksøkjarane.

### VERNEREGLANE

Vernereglane for Vormedalsheia er gjevne ved kgl.res. 19.04.1991.

Punkt IV i Vernereglane gjer greie for tiltak og inngrep som ikkje er tillatt i verneområdet. Vesentleg for vernereglane sin konkrete

verknad for drifta på bruken er m.a. at det ikkje er tillatt med "vegbygging, drenering eller tørrlegging av område, framføring av luftledningar, oppføring av anlegg og andre innretningar eller bygningars, nydyrkning, treslagskifte, granplanting og skogreising. Opplistinga er ikkje fullstendig".

Punkt V gjer greie for tiltak som vernereglane ikkje skal vera til hinder for. Vesentleg for sakkyndig sitt mandat er herunder "noverande drift av landbruksareala i landskapsvernombordet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynte for fedrifta i området, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, flatehogst der flatene er mindre enn 2 da, naudsint bruk av motorkjøretøy til desse føremåla på opparbeidde vegar, parkeringsplassar og dyrka mark, og i utmark dersom marka er så frossen at kjøretøyet ikkje gjer nemnande skade."

Punkt VI omhandlar tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til, herunder "dyrkning, oppføring av bygningars til bruk i landbruksdrifta, treslagsskifte, skogreising eller anna skogsdrift utover det som er tillatt etter pkt. V 3". Vidare: "Oppføring av enkelte hytter i område der det er hytter frå før".

Kommentar: Tradisjonell skogsdrift i Ryfylke krever grunna terrenget oftast at det vert bygd traktorvegar i terrenget, med utgangspunkt i ein offentleg veg, eller skogsbilveg dersom avstandane er store. Ein kan difor sei at vegbygging i dei aller fleste tilfelle er ein føresetnad for tradisjonell skogsdrift.

Den vanlegaste hogstforma i distriktet er flatehogst. Frørestillingshogst vert anbefalt på middels og låg bonitet med fin furu. Flatestorleiken er avhengig av mange faktorar, med eigedomstorleik, driftstilhøve, bonitet og terrengform som dei viktigaste. 2 da er ei svært lita hogstflate, det er f.eks. krav for off. tilskot til skogkultur (planting, ungskogpleie) at feltet er over 2 da.

Hesteparten av hogsten i distriktet føregår på høg og middels bonitet. Hogstflata vert som regel straks tilplanta, oftast med gran, sitkagran i ytre strøk. Furu får dårleg utvikling etter planting, og gir dessutan lågare produksjon på middels og høg bonitet enn granartane.

Desse tilhøva omkring tradisjonell skogsdrift har sakkyndig lagt til grunn for vurderingane i rapporten. Ein har då lagt til grunn ei streng tolking av vernereglane ved at skogsvegbygging, hogst av flater over 2 da eller treslagskifte/granplanting ikkje er tillatt.

Vidare har sakkyndig lagt til grunn at hyttebygging ut over gardshytter i verneområdet ikkje vert tillatt. Med gardshytter meiner ei hytter i fjellet og utmarka til bruk for sanking, jakt og fiske, eigd og disponert av grunneigarar.

Sakkyndig finn ikkje at vernereglane medfører driftsmessige konsekvensar for eigarane i fjellområde som vert nytta til beite, eller jakt/fiske.

#### VERNSKOGGRENSA I HJELMELAND

Deler av skogareala i Vormedalsheia Landskapsvernombordet kjem inn under definisjonen vernskog, d.v.s. at skogen er underlagt

bestemmelsane i § 32 og 33 i "Lov om skogbruk og skogvern". Vernskoggrense og retningslinjer for hogst i vernskog for Hjelmeland vart fastsett i 235/93 i Rogaland Fylkeslandbruksstyre. Reglane kan kort oppsummerast slik:

- Nedre vernskoggrense i Hjelmeland følgjer stort sett høgdekote 400 m.o.h.
- Det vert innført meldeplikt til kommunal skogbruksforvaltning for flatehogst større enn 2 da.
- Tilskot til treslagskifte vert ikkje gitt i vernskogen.

Sakkyndig meiner at vernskoggrensa i Hjelmeland er sett svært lågt. I Suldal er den sett ved ca.400 m.o.h i ytre strok til ca.650 m.o.h. i indre strok. Sakkyndig meiner at ein difor må forventa ein lempelag forvaltning av dei lågareliggende vernskogareala i Hjelmeland m.o.p. flatestorleik m.m. Mykje av skogareala som denne rapporten omfattar ligg mellom 4 og 500 m.o.h.

#### KARTGRUNNLAG

Økonomisk kartverk for heile landskapsvernombrådet ligg berre føre i blyantkopi, og er følgeleg mangelfullt. Men Per Tørresby ved Statens Kartverk Rogaland har vore behjelpeleg med å teikna inn eigedomsgrenser og gards/bruksnr. på alle eigedommar i området, der desse data mangla.

Sakkyndig har nytta dette kartverket i sitt arbeid. Grensene for landskapsvernombrådet er overført til dette kartverket (tjukk, grøn stipla strek) frå kart i målestokk 1:50.000 som sakkyndig har fått frå Fylkesmannens Miljøvernavdeling.

Dei 20 kartblada som dekkar eigedommane ligg ved rapporten. Dei er nummerert, med henvisning i teksten til kartnr. Målestokken er 1:5000, 1:10000 i heiaområda i aust.

Ein klar føresetnad for at dei arealtal og data som framkjem i rapporten er korrekte, er at angjeving av grenser samt gards/bruksnr. på dette kartverket er rette. Ein har berre funne mindre feil ved angjeving av eigar på eit kartblad (nr.9), men har elles inntrykk av at karta er til å lita på.

#### GENERELT OM SKOGBRUFSFAGLEGE VURDERINGER

Alle areal er målte med planimeter på øk.kart på grunnlag av registreringar i marka. Tal for ståande kubikkmasse er framkomne etter relaskopmålingar.

Vurderingane av om korvidt skogområda er økonomisk drivverdige er gjort ved å samanhaldha kostnaden ved tenkte vegløysingar saman med driftsutgiftene, mot verdien av dei ståande skogressursene. Det er då vurdert rasjonelle vegløysingar, ofte i fellesskap mellom eigedommane og trekt inn gjeldande reglar for skogsvegtilskot frå stat og kommune. Nokre av desse vegløysingane finn ein innteikna på karta med blå strek.

Vidare er det i vurderingane lagt inn at grunneigaren utfører skogsdrifta med eiga/ledig arbeidskraft, som er mest vanleg i distriktet.

#### EIGEDOMMANE SI REKKEFØLGE I RAPPORTEN

I vurderinga er eigedommane ordna etter gards- og bruksnummer, frå bruka i Jøsenfjorden i nord sørover til Trodla-Tysdal. Ein finn dette meir oversiktleg enn å følgja saksøkjarlista i prosesskriftet frå saksøkjarane sin prosessfullmektig, då den er uoversiktleg og dessutan hefta med ein del feil.

Sand den 29.august 1994

  
Bjarte Skipevåg

Vedlegg til rapporten:

- 20 kartblad, øk.kartverk + oversiktskart
- kopi av "Avtale om veg til Ottestøl"
- Vernskogggrense i Hjelmeland, sak 235/93 Rogaland  
Fylkeslandbruksstyre

## OVERSYN OVER EIGEDOMMANE/EIGARANE

i samsvar med liste over saksøkjarar frå prosessfullmektig adv. Kåre Vierdal samanhalde med matrikkelutskrift 15/6-94.

gnr/bnr	eigar, adresse	saksøkjar nr.	saksøkjar nr.	side
<b>JØSENFJORDEN, GNR.27 &amp; 32</b>				6
27/1	Jon Rasmus Østerhus, 4134 Jøsenfjord	12		6
32/3	Lars og Tone S. Aas, 4134 Jøsenfjorden	4 & 6		6
<b>VORMELAND GNR.36</b>				7
36/1	Peder og Signe V. Kleppa	25		7
36/2	Jone Vormeland, Linjev.6, 4060 Kleppe	78		7
<b>FUNDINGSLAND GNR.37 &amp; 38</b>				7
37/1,2	Jone G. Fundingsland, 4130 Hjelmeland	3		7
37/3	Einar N. Thomsen, 4130 Hjelmeland	53		8
37/4,5, 38/1	Øystein Sandvik, 4130 Hjelmeland	52		9
38/3,5,8	Lars Strøm, 4130 Hjelmeland	64		9
<b>TØTLAND GNR.39</b>				10
39/1	Jan Hausken, 4130 Hjelmeland	8		10
39/1	Anne G. Gauthun, 4130 Hjelmeland	20		10
39/1	Per Hausken, 4130 Hjelmeland,	21		10
39/2	Norvald Tytland, 4130 Hjelmeland	7		11
39/3,8	Arild Ernst Endresen, 4130 Hjelmeland	16		12
39/6	Svein Egil & Kari Sørensen, 4130 Hjelmeland	47 & 50		13
39/7	Nils T. Tytland, 4130 Hjelmeland	60		12
<b>MELAND GNR.41</b>				13
41/1	Odd Sigbjørn Lerstøl, Lyngv.22 a, 4025 Stvgr	23		13
41/2	Hans Ove Mæland, 4130 Hjelmeland	45		13
41/3	Åge Mæland, 4130 Hjelmeland	54		13
41/6	Jan Laugaland, 4130 Hjelmeland	40		13
41/7	Thomas Kåre Mæland, Lindbek.6 4120 Tou	51		13
41/8	Knut Rødde, Vormedalen, 4130 Hjelmeland	46		13
41/12,13	Jan Terje Åslund, 4130 Hjelmeland	74		13
41/27	Sigve Gunnar Lerstøl, 4130 Hjelmeland	26		13
<b>KLEIVALAND GNR.42</b>				15
42/1,9	Johannes Kleivaland, 5574 Skjold	42		15
42/2	Tordis Helland, Kleivaland, 4130 Hjelmeland	33		15
<b>RITLAND GNR.43</b>				16
43/1	Ragnar Ritland, 4120 Tau	63		16
<b>TYSDAL GNR.116</b>				17
116/1,2	Kjell Michelsen, Trodlatysdal, 4137 Årdal	38		17

## JØSENFJORDEN:

Gnr/bnr 27/1, Jon Rasmus Østerhus, 4134 Jøsenfjord, saksøkjar nr 12  
 (Kart nr.1,3,4)

Totalareal i landsk.v.omr.	227 da, av dette er:
Produktiv skog	149 da (bjørk, høg bonitet, hogstkl.4)
Økonomisk drivbar skog	88 da/475 m <sup>3</sup>
Uprod. areal	78 da

Eigaren driv bruket Østerhus på nordsida av Jøsenfjorden som heiltids familiebruk. Kjøtproduksjon sau og storfe, gardsturisme, skogbruk. Arealloppgave for bruket iflg. Landbrukskontoret:

Fulldyrka	60 da
Gjødsla beite/overfl.dyrka	40 da
Drivbart skogarealet	470 da (på nordsida av fjorden)

Eigedommen er berørt av landsk.v.området med at mesteparten av Oksajuvteigen på sørsida av Jøsenfjorden inngår i området.

Teigen er veglaus, og det har difor ikkje vore skogsdrift i området sidan ca.1950. Tett bjørkeskog på høg bonitet, under vernskoggrensa. Veleigna for treslagskifte til gran. Sakkyndig vurderar 88 da av det prod. skogarealet som økonomisk drivverdig. Dette er den øvre del av teigen, og det forutset bygging av skogsveg i samarbeid med Tøtlandsbruka som har skog på "platået" sør for teigen. På dette arealet står det ca.475 m<sup>3</sup> bjørk, hogstmoden om 10-15 år.

Gnr/bnr 32/3, Lars og Tone S. Aas, Ø. Haua, 4134 Jøsenfjorden,  
saks.nr.4 & 6  
 (Kart nr.2,4,7)

Totalareal i landskapsvernområdet (2 teigar)	665 da, av dette er:
Produktiv lauvskog, middels og høg bonitet	274 da/ca.6-700 m <sup>3</sup>
Produktiv furuskog, låg bonitet	81 da/ca.150 m <sup>3</sup>
Uproduktiv mark	310 da

Begge teigane ligg på sørsida av Jøsenfjorden. Det er produktiv skog berre i den ytre teigen. Området er veglaust, og svært bratt og uført. Det har ikkje vore skogsdrift etter ca.1950. Eigaren oppgir at dei har lite bjørk- og furuskog på heimsida av fjorden, difor er skogen som nå er verna ein verdifull ressurs for garden.

Sakkyndig vurderar heile skogområdet som ikkje økonomisk drivverdig, då framføring av skogsveg p.g.a. svært bratt og uført terreng må ansjåst som utelukka. Hogst med utgangspunkt i sjøen er det ikkje pårekneleg at nokon vil kunna utføra i dag.

Arealloppgave for bruket (Landbrukskontoret):

Fulldyrka	85 da
Gjødsla beite/overfl.dyrka	61 da
Prod.skog	120 da

Kjøtproduksjon, ammekyr, sau, gris. Lars Aas er skipper på Jøsenfjordferja.

## VORMELAND:

Gnr/bnr 36/1 Peder og Signe V. Kleppa, 4230 Hjelmeland, saks.nr.25  
" 36/2 Jone Vormeland, Linjev.6, 4060 Kleppe, saks.nr.78

(Kart nr.3,5,8)

Arealloppgave for bruken til eigarane (Landbrukskontoret):

	36/1	36/2
Fulldyrka	20	3
Overfl.dyrka/gjødsla beite	24	0
Prod. skog	?	2000
Anna areal		

Peder og Signe V. Kleppa driv i tillegg eit familiebruk på Mjølhus med 110 da dyrka og 75 da beite. Mjølkeproduksjon og 120 v.f. sau.

Eigarane av Vormelandsbruken er berørte av landsk.v.området ved at 3.130 da felles heiabeite i sin heilhet ligg innanfor verneområdet. Området ligg nord for Kyrkjegardsheia, mellom Torstøltjødna og Kvivatn, frå 275 til 814 m.o.h.

36/1 har hytte i Verkvelven. I hallene ned mot bråtet mot Jøsenfjorden veks det spredd bjørkeskog, som ein vurderar som ikkje økonomisk drivverdig i dag.

Peder Kleppa opplyser at han krever erstatning for at dei gjennom landskapsvernet er fråtatt framtidige satsingsmuligheter i området, eksempelvis framføring av veg og hyttebygging.

Sakkyndig finn at området terrengmessig ligg så vanskeleg til at verken hyttebygging eller annan pårekneleg landbruksmessig utnytting av området ville kunna forsvara investering i vegutløysing. Ein finn av same grunn området ikkje eigna for hytteutbygging. Sakkyndig finn m.a.o. at vernereglane ikkje medfører driftsmessige konsekvensar for eigedommene.

## FUNDINGSLAND GNR.37 OG 38

Gnr/bnr 37/1,2 Jone G. Fundingsland, 4130 Hjelmeland, saks.nr.3  
(Kart nr.4,6,7,8)

Arealloppgave for bruket iflg. Landbrukskontoret:

Fulldyrka	15 da
Overfl.dyrka/gjødsla beite	45 da
Prod.skog	330 da
Anna areal	

(Det oppgitte skogarealet viser seg å vera sett for lågt)

Heiltids familiebruk for eigaren, som i dag er pensjonist. Driv berre med sau nå.

Bruket er omfatta av landskapsvernombrådet med følgjande arealer:

Totalareal	5294 da (340-790 m.o.h.), korav:
Produktiv skog, høg og middels bon.	550 da (440-625 m.o.h.)
Kubikkmasse, vesntleg hogstmoden furu og bjørk	2500 m <sup>3</sup>

Den produktive skogen ligg i området rundt Kaldavatnet aust for Fundingsland, i Bogadalen over mot Jøsenfjorden og i Bjønndalen. Heile skogarealet kjem inn under vernskogomgrepet då det ligg frå 440 til 625 m.o.h.

2 granfelt, 6 da ved Jonstøl, 30 år, og 14 da i Bjønndal, 50 år.

Skogområdet er veglaust, men sakkyndig vurderar heile området som økonomisk drivverdig. Skogressursane på dette bruket saman med bnr. 3 i området er store nok til å forsvara investering i vegutløysing.

I eigaren si tid har det vore drive ved- og tømmerhogst i heile området, framdrive med hest på snøføre over isen på vatnet og heim.

Så godt som all produktiv skog og mesteparten av anna utmark og hei på dette bruket er omfatta av landskapsvernombordet. Dersom det ikkje kan byggjast veg til Kaldavatnet med sidevegar gjennom Bogadalen og Bjønndal, må området vurderast som avskåre frå framtidig skogsdrift, herunder uttak av granskogen i plantefelta.

Det er 3 hytter på festetomt ved Kaldavatnet, oppsett av slektingar av eigaren. Sakkyndig meiner at området ville vera eigna for ei viss hytteutbygging, noko eigaren nå er avskåren frå.

Gnr/bnr 37/3 Einar N. Thomsen, 4130 Hjelmeland, saks.nr.53

(Kart nr.4,6,7,8,9,10)

Arealoppgaver for bruket:

Fulldyrka	38 da
Overflatedyrka/gjødsla beite	8 da
Produktiv skog	330 da

Heiltids familiebruk drive av eigaren. Sau, tidl. også ungdyr. Han har tidlegare drive ein del som tømmerar, noko helsa ikkje lenger tillet.

Ved Liarstølvatnet, utanom verneområdet, har eigaren eit regulert hyttefelt med 14 hytter, som han har sett opp sjølv og selt på bygsla tomter. Eigaren har avtale om levering av ved til hyttene. Denne inntekstmuligheten meiner eigaren er sterkt redusert som følge av landskapsvernombordet. Bruket har sterkt avgrensa ressursar innanfor trad. jordbruk, det er i utmarka mulighetene for auka inntektsgrunnlag ligg. Eigaren meiner at auka inntektsgrunnlag er heilt avgjerande for om ein ny generasjon skal kunna overta og驱ra bruket.

Bruket er omfatta av landsk.v.omr. med produktiv skog, utmark og hei.

Totalareal i verneområdet	ca. 4800 da, av dette:
Produktiv, drivverdig skog, bjørk/furu	486 da/1400 m <sup>3</sup>
" ikkje drivverdig skog	130 da/200 m <sup>3</sup>

Ved kaldavatnet 25 da granfelt, 20 år gmt. Eigaren har drive skogsdrift i store deler av området i yngre dagar med hest. I skogområdet nord-aust for liarstølvatnet tast det årleg ut ved til hyttene v.h.a. snøscooter, like inn til vernegrensa. Eigaren meiner at for furu er plukkhogst rett driftsform på hans eide, men 2 da som øvre flatestorleik for bjørk er for lite.

Sakkyndig vurderar skogen rundt Kaldavatnet til og med Nyastølkvelven som økonomisk drivverdig (440-600 m.o.h.). Gunstigaste vegløysing ville vera frå Kaldavatnet (sjå under bnr.1,2). Dersom det ikkje kan byggjast veg til Kaldavatnet med sideveg opp til Nyastølkvelven, må området vurderast som avskåre frå framtidig skogsdrift, herunder uttak av granskogen i plantefeltet.

Sakkyndig vurderar at ca. 180 da av skogarealet innanfor verneområdet er eigna for treslagskifte.

Skogarealet som er vurdert som ikkje økonomisk drivverdig er fjellbjørkeskog i området Krokavatn/Holmavatnet.

Gnr/bnr 37/4,5, 38/1 Øystein Sandvik, 4130 Hjelmeland saks.nr.52

(Kart nr.4,6,9,10,13,14)

Arealloppgaver for bruket:

Fulldyrka	48 da
Overflatedyrka/gjødsla beite	12 da
Produktiv skog	170 da

Eigaren driv bruket, drifta er 40 v.f.sauer og 15 ungdyr.

Bruket er berørt av landskapsvernombordet i følgjande område:

1. Skårane, eit område på 55 da på nordsida av Fundingslandsvatnet. Her er det godkjent plan for 5 hytter, korav 4 er bygd, bygsling.

Eigaren har deltatt i bygginga. I området er det ikkje registrert prod. drivbar skog.

Sakkyndig meiner Vernereglane, punkt IV 3 må kunna tolkast slik at Øystein Sandvik ikkje har tapt muligheten for å byggja ut det 5. hyttepunktet i planen.

2. Stakkstøl. Gnr/bnr 38/1 er medeigar med bnr.2 eller 7 (tvist) i eit 3.150 da stort støls- og heieområde. Det er registrert 226 da produktiv skog, bjørk i området. Sakkyndig vurderar at vernereglane ikkje medfører driftsmessige konsekvensar for drifta av denne skogen (jmfr. vurderinga av skogen i Vasstølområdet under Tøtland).

Eigaren har 1 stølshytte på Stakkstøl, og framheld at han er interessert i å byggja fleire hytter i området, han skulle også gjerne sett at det vart bygd veg fram til området.

Gnr/bnr 38/3,5,8 Lars Strøm, 4130 Hjelmeland, saks.nr.64

(Kart nr.4,6,9,10,13,14)

Arealloppgaver for bruket:

Fulldyrka	25 da
Overflatedyrka/gjødsla beite	15 da
Produktiv skog	100 da

Eigaren driv bruket som heiltidsbonde.

Han er ikkje direkte berørt som grunneigar innanfor landskapsvernombordet, men oppgir at bruket har ein del rettar i Stakkstølområdet (slåtten), i tillegg til stølshus. Bruket har rett til hogst av ved i området til stølsbruk, og ellers skogsvirke til husvøling på stølen.

Eigaren framheld tapt mulighet for bygging av hytter i området som ein konsekvens av vernereglane.

HYTTEUTBYGGING: Felles vurdering for gnr/bnr 37/3, 37/4,5 og 38/1, og 38/3,5,8:

Sakkyndig vurderar området Krokavatn/Holmavatnet/Stakkstøl som attraktivt med tanke på ei varsam hytteutbygging. Området skal ha vore med i ein kommunal oversiktsplan for hyttebygging som vart

utarbeidd i samband med Ulla-Førreutbygginga (AS-Plan: Oversiktsplan for Fjellområdet Vormedalen-Jøsenfjorden m.m. 1972). Vidare hyttebygging i området måtte forutsett veg fram til Liarstølvatnet, for å korta avstanden. Veg heilt opp i området vurderar sakkyndig som unrealistisk. Naturkvalitetane i dette området er i særklasse med tanke på hytteutbygging. Denne muligheten for inntektskjelder er eigarane av området hindra i å utnytta som følge av vernereglane (sjå og under Tøtland/Vasstølområdet).

## TØTLAND GNR.39

Gnr/bnr 39/1, Øystøl-Tøtland felleshei:

Eigarar: Anne Gauthun, 4130 Hjelmeland saks.nr.20  
Jan Hausken, 4130 Hjelmeland saks.nr.8  
Per Hausken, 4130 Hjelmeland saks.nr.21

(Kart nr.8,10)

Øystøl-Tøtland er eit større heieområde som strekkjer seg frå Hegnavatnet 627 m.o.h. austover mot Brende Knuten, ca. 1100 m.o.h. Alle medeigarane driv familiebruk på Hausken i Hjelmeland. Eigarskapet er delt i 9ende-partar, korav Gautun har 1 og Jan og Per Hausken 2 kvar. Nokre nyttar området til sauebeite, andre til jakt.

Det er noko spreidd skog langs nordsida av Hegnavatnet, men framtidig pårekneleg hogst vil knapt kunna komma i konflikt med vernereglane.

Nokre av medeigarane har hytte i området som vert nytta i samband med ettersyn og sinking av sau, jakt m.m. Jan Hausken framheld tapt mulighet for oppføring av gardshytte som følge av vernereglane. Sakkyndig meiner at denne muligheten har eigaren gjennom pkt.VI\_3 i vernereglane.

Sakkyndig meiner at vernereglane ikkje medfører driftsmessige konsekvensar for eigarane, då ein ikkje kan sjå at pårekneleg, tradisjonell drift av området kan komma i konflikt med vernereglane.

Gnr/bnr 39/2, Norvald Tytland, 4130 Hjelmeland, saks.nr.7

Gnr/bnr 39/3,8, Arild Ernst Endresen, 4130 Hjelmeland, saks.nr.16

Gnr/bnr 39/6, Svein Egil & Kari Sørensen, 4130 Hjelmeland,  
saks.nr.47 & 50

Gnr/bnr 39/7, Nils T. Tytland, 4130 Hjelmeland, saks.nr.60

(Kart nr.3,4,5,6,9,10,11,13,14)

Arealoppgaver for desse bruka iflg. Landbrukskontoret:

	39/2	39/3	39/6	39/7
Fulldyrka	25	30	80	23
Overfl.dyrka/gjødsla beite	-	25	47	25
Prod. skog	401*	1167*	1200	476*

\*korrigert av sakkyndig, fjellskog ikkje medrekna.  
Landbrukskontorets tal for prod.skogareal er usikre.

SKOGOMRÅDET NORD FOR FUNDINGSLANDSVASSDRAGET: (Kart nr.3,4,5,6)

3 bruk, gnr/bnr 39/2, 39/3,8 og 39/7 har felles grunn med spesifikke skogteigar på nordsida av Lendingsånå-Litlevikvatnet-Fundingslandsvatnet.

Området er veglaust i dag. Skogdrift har det vore i området like inntil for ca. 5 år sidan (Arild Endresen, Nils Tøtland), dei siste åra med traktor over islagde vatn og berre i skog som ligg nær vatna.

Sakkyndig vurderar heile området som økonomisk drivverdig, men dette forutset at det vert bygd skogsvegar inn i området. Dette vegnettet må ha sitt utgangspunkt i bru over Lendingsånå og/eller over sundet mellom Littlevikvatnet og Fundingslandsvatnet. Ein vurderar dette som einaste mulige utgangspunkt for skogsvegar i området. Dette vegnettet kunne og gi tilkomst til dei ytre teigane ned mot Jøsenfjorden, sjå under gnr/bnr 27/1, samt for austre deler av Vormelandsbruks sin skog.

Sakkyndig vurderar at skogressursane i området kunne forsvara investering i eit vegnett i området. Det er mykje grunnlendt mark og fjell i dagen i området slik at meterprisen på vegane vil bli rel. høg. Dette forutset at samtlege grunneigarar måtte samarbeida om vegane, for dermed å redusera kostnaden på den enkelte.

Skogarealet i området rundt Oksabåsen vert liggande utanfor vernegrensa, men verneområdet stengjer for framtidig veggtilkomst til desse areala. Området er difor avskåre frå framtidig skogdrift som følge av landskapsvernombretet.

All produktiv skog i området ligg under 400 m.o.h. og er såleis ikkje vernskog, jmfr. vernskogplan for Hjelmeland

Sakkyndig vurderar areala nærast vatnet på nordsida av Fundingslandsvatnet som attraktive hytteområde. I flg. grunneigarane skal også området ha vore med i den kommunale oversiktsplanen som vart utarbeidd på 70-talet. Ved ei hytteutbygging i området med vegframføring kunne ein del av skogsvegkostnadane dekkast av hytteinteressene, og dermed gjera skogdrift i området meir lønnsomt.

Gjennomgang av eigedommene i området:

Gnr/bnr 39/2, Norvald Tytland

Bruket har 2 skogteigar på felles grunn i området nord for Fundingslandsvatnet. Begge ligg i sin heilhet i verneområdet:

Vestre teig:

Totalareal 650 da

Produktiv skog, middels og låg bon. 258 da/950 m<sup>3</sup> furu

Austre teig:

Totalareal 508 da

Prod. skog, middels bonitet 81 da/600 m<sup>3</sup> bjørk

Eigna for treslagskifte til gran i austre teig 50 da.

Norvald Tytland har nyleg overtatt bruket, som er bortleigd. Han håpar at sonen vil overta garden og busetja seg. Far hans skoga mykje i området som nå er verna, både tømmer og ved. Det er her garden har skog, heime på Tøtland er det 58 da planteskog + ubet.lauvskog.

Gnr/bnr 39/3,8, Arild Endresen:

Bruket har 3 skogteigar i området på felles grunn, sjå kart.

Vestre skogteig, nord for Lendingsåna:

totalareal	533 da (221 da i verneområdet)
produktiv skog	322 da (108 da i verneområdet)
kubikkmasse, vesnt.furu	ca.1450 m <sup>3</sup> (500 m <sup>3</sup> i verneområdet)

Midtre skogteig, nord og sør for Fiskelitjødnå:

totalareal	478 da (323 da i verneområdet)
produktiv skog	122 da (73 da i verneområdet)
kubikkmasse, furu	ca.420 m <sup>3</sup> (250 m <sup>3</sup> i verneområdet)

Areala i desse 2 teigane som ligg utanfor verneområdet vert avstengde frå framtidig drift.

Austre skogteig (heile teigen ligg i verneområdet):

totalareal	1057 da
produktiv skog, høg og middels bon.	384 da/2400 m <sup>3</sup> furu/bjørk

Areal eigna for treslagskifte i verneområdet ca.180 da.

#### Gnr/bnr 39/7, Nils T. Tøtland

Bruket har 1 skogteig nord for Littlevik, som dels ligg innanfor verneområdet. Men det arealet som ligg utanfor vert avstengd frå drift i framtida.

Totalareal	301 da (71 da innanfor verneomr.)
Prod.skog, middels og låg bon.	205 da (31 da innanfor verneomr.)
Kubikkmasse, hogstmoden furu	730 m <sup>3</sup> (135 m <sup>3</sup> innanfor verneomr.)

Ikkje arealer eigna for treslagskifte.

Vidare har bruket 1 "folgeteig" nord for Nystølfjellet, som i sin heilhet ligg innanfor verneomr.

Totalareal	64 da
Prod.skog, middels bon.	33 da/165 m <sup>3</sup> hogstm. bjørk

33 da eigna for treslagskifte.

Nils Tøtland er pensjonist, og har trappa ned drifta til 13 v.f.sauer. Reknar at garden har halve skogarealet ved Fundingslandsvassdraget. Han har hogd i området år om anna, både han og faren. Hest-traktor, isavhengig.

#### OMRÅDET VASSTØL-VIKESTØL(Kart nr.9,10,13,14)

Tøtlandsbruka har fellesmark, dels med spesifikke skogateigar i dette området, som ligg 450-1000 m.o.h. Skogen, hovudsakeleg fjellskog av bjørk, er dermed å definera som vernskog.

Sakkyndig vurderar at vernereglane ikkje får driftsøkonomiske konsekvensar for skogen i dette området. Til det er skogforekomstane for spreidde i tillegg til at dei ligg for fjernt frå eksist. vegar. Skogressursane åleine kan ikkje forsvara at det vert bygd veg til området.

Skog i verneområdet på fellesmark for gnr/bnr 39/2, 39/3,8 og 39/7: Produktiv fjellbjørkeskog 280 da/600 m<sup>3</sup>, hogsmoden.

(området frå Holmavatnet til Olaslåttetjørn)

**Skogteig tilhøyrande gnr/bnr 39/6,9 sør for Olaslåttetjørn:**  
Produktiv fjellbjørkeskog 135 da/350 m<sup>3</sup>, hogstmoden

**Skogteig tilhøyrande gnr/bnr 39/5 Vikestøl-Liarstrandvatn:**  
Produktiv fjellbjørkeskog, til dels ungskog, 160 da

#### Hyttebygging

Når det gjeld framtidig hyttebygging i området viser ein til det som er sagt under gnr. 37/38. Sakkyndig vurderar Vasstølområdet som eit attraktivt område for hyttebygging, og dermed som eit inntektspotensiale for eigarane som dei nå er avskårne frå.

## MELAND GNR.41

(Kart nr.11,12,13,14,16,17)  
Jælandsbruka er berørt av landskapsvernombudet i fellesmark og dels spesifikke skogsteigar i området rundt Ottestøl (525 m.o.h), og vidare i felleshei austover Melands Grønahei.

Når det gjeld dyrkingsinteressene for Ottestølmyra viser eg til rapporten frå Einar K. Time.

Oversyn med arealoppgaver over saksøkjarane under gnr.41:

Gnr/bnr 41/1 Odd Sjøbjørn Lerstøl, Lynqv.22 a, 4025 Stvqr,

saks.nr.23

gnr/bnr 41/2 Hans Ove Meland, 4130 Hjelmeland, saks.nr.45

gnr/bnr 41/3 Åge Meland, 4130 Hjelmeland, saks.nr.54

gnr/bnr 41/6 og 45/10 Jan Laugaland, 4130 Hjelmeland, saks.nr.40

gnr/bnr 41/7 Tomas Kåre Meland, Lindbek.6, 4120 Tau, saks.nr.51

gnr/bnr 41/8 Knut Rødde, 4130 Hjelmeland, saks.nr.46

gnr/bnr 41/12,13 Jan Terje Asland, 4130 Hjelmeland, saks.nr.74

gnr/bnr 41/27 Sigve Gunnar Lerstøl, 4130 Hjelmeland, saks.nr.26

Arealoppgaver m.m. (Landbrukskontoret):

	41/1	41/2	41/3	41/6	41/7	41/8	41/12	41/27
Fulldyrka	66	64	68	110	17	60	30	59
Gjødsla beite	40	40	37	35	14	35	55	40
Prod. skog	240	240	400	726	20	270	130	210
Skyld	1,11	2,16	1,03	1,25	35	67	52	1,11
Brukars	B	E	E	E	?	E	B	E

B=bortleigd, E=eigar

#### Spesifikke skogteigar i Ottestølområdet:

Skogen står seg hovudsakeleg av bjørk, 475 til 600 m.o.h. Heile området kjem såleis inn under verneskogreglane. Bonitetan er gjennomgående middels, trehøgder opp mot 13 m.

Sakkyndig vurderar treslagskifte som ikkje aktuelt i nokon del av verneområdet under gnr.41. Området ligg såpass høgt at risikoen med granplanting her er for stor. Skogen vurderast som økonomisk drivverdig. Dei areala som ikkje alt har vegdekning ville det vera enkelt og rimeleg å løysa ut. Konsekvensen for skogeigarane som følge av vernereglane er at dei ikkje kan byggja meir skogsvegar, noko som gjer det vanskeleg å få tak i meir skog enn den som alt har

vegdekning. Dessutan kan dei ikkje hogga flater over 2 da.

Skogteigar i verneområdet:

41/2 Hans O. Meland

Produktivt skogareal i landsk.v.omr	150 da
Ståande kubikkmasse	740 m <sup>3</sup>

Skogen ligg i området vest og nord for Ottestølmyra. Eigaren averka i området siste vinter. Virket vert vidareforedla til ved, som han sel direkte til forbrukar i Stavanger, eller i laust ved bilveg. Eigaren har vidare skogen som veks på nordsida av Vassbotnvatnet, men sakkyndig vurderar denne som ikkje drivverdig.

41/3 Åge Meland

Prod. skog i landsk.v.omr 30 da sør for Ottestøl. Lite av skogen er nyttbar i dag då det vesentleg dreier seg om ungskog.

41/5 Jan Terje Åsland

Prod. skog i landsk.v.området 18 da rett aust for Ottestøl. Berre ung nyetablert bjørkeskog.

41/6 Jan Laugaland

Prod. skogareal i landsk.v.omr.	50 da
Ståande kubikkmasse	125 m <sup>3</sup>

Skogen ligg i området vest for Ottestøl.

Økonomisk drivverdig skog ut over dette er ikkje registrert i landskapsvernombordet under gnr.41.

VEGEN TIL OTTESTØLMYRA

Vegen vart bygd heilt fram til myra i 1986. Den er oppgitt til ca.5 km lang frå Meland. Vegen har standard av god traktorveg, med enkelte kortare, därlege partier på den eldste parsellen. Den er kobla saman med den private bilvegen til Ritland fordi gnr/bnr 42/2 er med i vegen.

Vedlegg "Avtale om veg til Ottestøl" viser kva eigedommar som er med i vegen m.m.

Punkt IV 2 i vernereglane omhandlar denne vegen. Den skal "stengast med bom ved vernegrensa. Den skal vera ein traktorveg og ikkje rustast opp til høgare standard. Grunneigarane i området (gnr.41 og 42) kan bruka vegen til næringskjøring med traktor og snøscooter, elles er motorisert ferdsel forbode."

Sakkyndig meiner at skulle Ottestølmyra fulldyrkast måtte vegen opprustast til ein høgare standard. Då den eldste parsellen i Melands heimemark er den därlegaste, ville ein naturleg følge av auka trafikk grunna dyrking, hytteutbygging vera at Melandsbruka kjøpte seg inn bilvegen frå Kleivaland.

HYTTEUTBYGGING

Også Ottestølområdet var med i den kommunale oversiktsplanen frå 1972, som eit aktuelt utbyggingsområde for hytter, iflg. grunneigarane.

Den same vurdering som er gjort for Tøtland og Fundingsland vedr. hytteutbygging gjeld og for Ottestølområdet.

## KLEIVALAND GNR.42

(Kart nr.12,15,16,17)

Bnr.1 og 2 under Kleivaland er berørt av landskapsvernombretet nord for Øyastølmyra, i Bjødnabuområdet og heia aust for Stråpastøl. Når det gjeld dyrkingsinteresser viser eg til Einar K. Times rapport.

Gnr/bnr 42/1,9 Johannes Kleiveland, 5574 Skjold, saks.nr.42

Arealoppgave for 42/1,9 (Landbrukskontoret):

Fulldyrka	80 da
Overfl.dyrka/gjødsla beite	45 da
Produktiv skog	1800 da (omtrentleg tal)

Bruket er bortleigd, eigaren eig og driv gard i Skjold i Vindafjord.

### Øyastølområdet:

Bruket har tilsaman 130 da produktiv skog i verneområdet nord og aust for naturreservatet. Ståande kubikkmasse 500 m<sup>3</sup>, bjørk. Vidare har bruket 30 da produktiv skog vest for naturreservatet, like inntil skogsbilvegen. Ståande kubikkmasse 240 m<sup>3</sup>, bjørk og furu.

Området ligg 420-525 m.o.h. Skogen er såleis å vurdera som vernskog. Boniteten er gjennomgående høg. Treslagskifte har vore utført i stort omfang og med godt resultat på naboeigedommane 43/1 og 42/2. Framføring av veg til området vurderast som kurrant, og heile området vurderast som økonomisk drivverdig.

Eigaren har i dag ikkje bruksrett til skogsbilvegen Kleivaland-Ritland, men sakkyndig vurderar det som ei kurrant sak for bruket å få kjøpa seg inn i vegen når det måtte bli aktuelt.

42/1 er med i felleseige på Bjødnabu, sjå nedanfor.

Gnr/bnr 42/2 Tordis Helland, 4130 Hjelmeland, saks.nr.33

Ingvar Bjørnhus, son av eigar, er heiltids brukar. 2 årsverk, 12 mjølkekryr, 20 v.f.sau.

Arealoppgave (Landbrukskontoret):

Fulldyrka	58 da
Overfl.dyrka/gjødsla beite	89 da
Produktiv skog	1800 da (omtrentleg tal)
Leiger i tillegg	50 da dyrka. Oppgir sjøl produktivt skogareal til 4-500 da utanom vernskog.

### Øyastølområdet:

42/2 har 55 da produktiv skog nord for naturreservatet, ståande kubikkmasse 275 m<sup>3</sup>, vesentleg bjørk. Same vurdering som for skogen 42/1 har i området.

## FELLESOMRÅDET BJØDΝABU

Felleseige mellom 42/1 og 42/2. Produktiv skog i området 100 da, i høgdelag 570-670 m.o.h. Ståande kubikkmasse 450 m<sup>3</sup> bjørk. Denne skogen vurderast som økonomisk drivverdig (bnr.2 har vegtilkomst i dag), men treslagskifte i denne høgda vurderast som ikkje aktuelt.

Driftsmessige konsekvensar for dei 2 Kleivalands-bruka: Tapte muligheter for vegbygging til skog nord og aust for Øyastølmyra og vidare vegbygging i Bjødnabuområdet medfører at skogressursane

vanskeleg kan utnyttast. Tapt mulighet for treslagskifte på skogareala ved Øyastøl.

## RITLAND GNR.43

(Kart nr.16,17,18)

Gnr/bnr 43/1 Ragnar Ritland, 4120 Tau, saks.nr.63

Arealoppgave:

Fulldyrka	23 da
Overfl.dyrka/gjødsla beite	22 da
Produktiv skog	1100 da (omtrentleg tal)
Anna areal, hei	12000 da

Bruket vart fråflytta i 1962, men eigaren driv det som eit støttebruk ved sida av fast arbeid på Tau. 15 v.f.sauer. Skogbruk, årleg avverking ca.30 fvn. ved og 40-50 m<sup>3</sup> tømmer. Oppgir sjølv 500 da produktivt, drivverdig skogareal.

Bruket vert berørt av landskapsvernet med produktiv skog i lia aust og sør for naturreservatet. I tillegg 12.000 da fjell og utmark.

I lisida aust for naturreservatet er det nederst planta gran, varierande alder frå 8 til ca.30 år. Totalt tilplanta areal er 60 da. Bonitetan er middels, og driftstilhøva rel.lette forutsett at det kunne byggjast traktorveg i nedkant av lia. Utan veg må framdrifta av skogsvirke frå plantefelta føregå på myrane når desse er tilfrosne, noko som medfører vesentlege driftsvanskar og - ulempar.

Ovanfor plantefelta, i Kalvatørne, og vidare i lia sørover, står det bjørkeskog. Totalt produktivt areal 215 da, ståande kubikkmasse 1000 m<sup>3</sup>. Bonitetan er middels, ca.150 da vil vera eigna for treslagskifte.

Eigaren framheld at skogen i Kalvatørne er den beste vedaskogen på garden. Her var oppsett løypestreng, som i dag ligg på bakken, og som det vart tatt ned ved på inntil for 5-10 år sidan. For 2 år sidan vart det avverka eit felt nederst i lia rett aust for Ritlandtjødnane, her vart virket kjørt med traktor i terrenget.

Sakkyndig vurderar også denne skogen som økonomisk drivverdig, men drift forutset bygging av traktorveg opp i lia Kalvatørne, der tyngden av kubikkmassen står.

Driftsmessige konsekvensar for Ritland: Tapte muligheter for vegbygging til eit produktivt skogareal på til saman 275 da aust og sør for naturreservatet medfører at mesteparten av skogressursane vanskeleg kan utnyttast. Tapt mulighet for treslagskifte på 150 da.

Bruket har hytte på Raudkleiv, den gamle stølen til Ritland. Eigaren opplyser at han ser det som ein ulempe for framtida at han taper muligheten for byggja fleire hytter.

## TRODLA-TYSDAL GNR.116

Gnr/bnr 116/1,2 Kjell Michelsen, 4137 Årdal, saks.nr.38

(Kart nr.19,20)

Arealoppgave (Landbrukskontoret):

Fulldyrka	102 da
Overfl.dyrka/gjødsla beite	41 da
Produktiv skog	300 da (omtrentleg tal)
Anna areal, hei	

Eigaren driv bruket, 1,51 årsverk. 170 v.f.sau. Eigaren driv i tillegg med turisme, føring og guiding, og ønskjer i framtida å satsa meir på dette. Han har konkrete planar om oppføring av 2 turisthytter på husmannsplassen Grovene, og ligg i forhandlingar med Stvgr. Turistforrenning om eit samarbeid.

Ca.15 da av det gjødsla beitet ligg på nordsida av elva, som er grensa for landskapsvernombordet.

Braket er veglaust, og får straum frå eige kraftverk, 7,5 kWa.

Etter synfaring på bruket saman med grunneigaren framheld sakkyndig følgjande punkter for driftsmessige konsekvensar og tapte muligheter bruket vert påført som følge av landskapsvernombordet:

1. Eigaren ønskjer å byggja nytt, privat kraftverk i Helglandsåna. Her er 85 m fall med mulighet for å byggja ut til 50 kWa. Kraftverket han har bygd (7,5 kWa) er for lite for gardsdrift, vatning og hus i tillegg til dei 2 turisthyttene som er planlagt. Gjennom vernereglane er han forhindra i og anleggja luftledning frå Helglandsåna fram til garden.

2. Tapt mulighet for å kryssa Tusso med traktor og å kjøra med traktor i beiteområdet på nordsida av elva.

3. Tapt mulighet for å byggja veg frå elva opp til hyttetomtene for transport av bygningsmaterialer m.m.

4. Tapt mulighet for framtidig vegutløysing for garden. Den einaste realistiske vegtraseen går frå Ritland via Helgaland ned dalføret langs Helglandsåna, korav det siste stykket, ca.500 m, går gjennom landskapsvernombordet.

Sakkyndig meiner at desse tilhøva best kan løysast ved at Retten tar dei med som skjønnforutsetningar. Eigaren er ikkje tent med erstatning for desse ulempene.

Eigedommen har ikkje drivverdig skog innanfor verneområdet, men i dalføret langs Helglandsåna nordvest for garden er det 180 da prod.lauvskog/1000 m<sup>3</sup>, middels og høg bonitet som vert avskåre frå vegutløysing frå garden som følge av landsk.vernombordet. Jmfr. punkt 4 ovanfor.